



Trond Johannes Myklebust frå Uskedal trelastlager syner fram taket som no vert fornya.

**Det har i mange år vore vanskar med å få tett tak på ungdomshuset Helgheim. Det gjeld taka over inngangspartiet, scenerommet, handikaptaolettet og lagerrommet. I denne veka utfører Uskedal trelastlager eit større arbeid med å få tett tak.**

Alt gamal skifer og sutak vert plukka ned. Det vert lagt opp papp og ny skifershingel. Synsmessig vert det om lag som før. På lagerbygget vert det også lagt nytt sutak. Sløysane vert fornya. Arbeidet er tenkt å ta ei veke. Kostnaden er rekna til kr. 130.000,-

Ungdomslaget ser fram til tett tak over inngangspartiet. Det har ofte vore ei plage med lekkasje og vatn gjennom taket og ned i garderoben. Helgheim er elles i god stand for tida. Huset er mykje brukt til ulike øvingar, festar, samkomer og ikkje minst minnestunder og markeringar ved runde dagar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal